



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/1563 - 23/13433

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
09.06.2023

Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 145/7 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom og bygging av ny veg

Tiltak: Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom og ny veg
Eigedom: Gbnr: 145/7
Tiltakshavar: Kjell Reigstad
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult As

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom frå gnr. 145 bnr. 7 og bygging av ny veg til den nye bustadtomta.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde bustad.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Nabomerknader

Eigarar av gnr. 145 bnr. 37 og gnr. 145 bnr. 48 har kome med merknader til dispensasjonssøknaden.

Ansvarleg søkjar har i brev av 04.05.2023 kommentert nabomerknadene.

I tillegg har tiltakshavar kommentert nabomerknadene i brev av 30.05.2023. Saman med kommentaren til tiltakshavar ligg det ein kopi av ein e-post frå eigar av gnr. 145 bnr. 48 til Osterøy kommune, som gjeld ein kommentar til nabomerknad frå eigar av gnr. 145 bnr. 7, i samband med søknad om løyve til tiltak på gnr. 145 bnr. 48.

Dispensasjon

Dispensasjonssøknaden gjeld plankravet i kommuneplanføresegn nr. 1.2, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 og minsteavstand til nabogrensa for ny veg, jf. plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd.

Ansvarleg søkjar har i e-post av 16.05.2023 skrive at dei i første omgang ber kommunen om å vurdere om vegen kan godkjennast i samsvar med plan- og bygningslova § 29-4, 3. ledd, bokstav b.

Ansvarleg søkjar har i e-post av 22.05.2023 kome med tilleggsinformasjon. Stigning på eksisterande veg opp til avkøyrsla er 18,3 % og stigning på omsøkt avkøyrsla er på 16 %.

Det er vidare opplyst at minsteavstand til gnr. 145 bnr. 37 er 0,0 meter og minsteavstand til gnr. 145 bnr. 48 er 0,24 meter.

Vegareal

Kommunen har på grunn av e-post av 16.05.2023 frå ansvarleg søkjar undersøkt storleiken på vegarealet og kome fram til at det er på om lag 245 m².

Frist

Frist for uttale/handsaming er 4 veker frå oversendinga, jf. plan- og bygningslova § 21-5, 3. ledd, jf. forskrift om byggesak §§ 6-2 og 7-5.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

145/7 - Søknad om dispensasjon

Søknad om dispensasjon

Vedlegg C-1 Nabovarsel

Vedlegg C-2 Kvittering for nabovarsel

Vedlegg C-3 Nabo 145,37 - merknad

Vedlegg C-4 Nabo 145,37 - merknad

Vedlegg C-5 Nabo 145,48 - merknad

Vedlegg C-6 Nabo 145,48 - merknad

Vedlegg C-7 Nabovarsel (2)

Vedlegg C-8 Kvittering for nabovarsel (2)

Vedlegg C-9 Nabo 145,37 - merknad (2)

Vedlegg C-10 Nabo 145,48 - merknad (2)

Vedlegg C-11 Nabo 145,48 - merknad (2)

Vedlegg C-12 Kommentarer til merknader

Vedlegg D-1 PLAN OG PROFILTEGNING

Vedlegg E-1 TVERRPROFILER

Vedlegg E-2 TVERRPROFILER

Vedlegg E-3 TVERRPROFILER

Vedlegg E-4 TVERRPROFILER

Vedlegg E-5 TVERRPROFILER

Vedlegg E-6 TVERRPROFILER

Vedlegg E-7 TVERRPROFILER

Vedlegg E-8 TVERRPROFILER

Vedlegg:

145/7 - Søknad om dispensasjon - tilleggsinformasjon
145/7 - Tilleggsinformasjon
168622246C10 PLAN OG PROFILTEGNING REV.A 22.05.2023
168622246U11 TVERRPROFILER REV.A 22.05.2023
168622246U12 TVERRPROFILER REV.A 22.05.2023
145/7 - Kommentarer til tiltakshaver
Kommentarer fra tiltakshaver
145-7 plan 1-1000 ny tomt og veg 2023
145-7 plan 1-5000 ny tomt og veg 2023
145-7 ortofoto 1-1000 ny tomt og veg 2023
145-7 ortofoto 1-5000 ny tomt og veg 2023

Mottakrar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen